



Sagvåg Invest har møtt skjær i sjøen ved Eikelandet- (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sagvåg Invest på Stord, som arbeider med bustadprosjektet på Eikelandet, har fått søknaden sin om kai sendt attende frå kommunen.**

**Tiltaket stettar ikkje vilkår for handsaming for enkle tiltak etter plan- og bygningslova.**

**Det er ikkje i samsvar med arealbruken i kommunedelplanen og treng ytterlegare løyve frå Kystverket etter lov om hamnar og farvatn.**

Kommunen peikar på at sjøarealet ved eigedomen i kommuneplanen frå 2003 er beskriven som FFNF 8fiske, ferdsel, natur og friluftsliv). Eventuell utviding av kai/bryggje her må handsamast som dispensasjon etter plan- og bygningsloven.

Hvis det framleis er aktuelt med kaiutviding og utliggjarar, må Sagvåg Invest senda inn grunngjeven dispensasjonssøknad og denne må handsamast slik lovene tilseier.

Det må ellers søkjast Kystverket om løyve. Søknaden må sendast via kommunen som vidaresender den til Kystverket ssaman med kommunens tilråing.

Av Ola Matti Mathisen